

fisielle språk. Men kva som har vore, og må vera, kjernen i det norske kulturfellesskapet, gir ikkje Østerud tydelege svar på.

#### Norsk forvitring

Det er det derimot andre som har ambisjonar om. «Norge, vårt Norge» er forfattaren og debattanten Kaj Skagens forsøk på, med hans eigne ord, å «nærme meg hva «det norske» eller «norsk kultur» kan være».

I forordet vedgår Skagen at «å si at jeg omfavner min samtid, ville være en overdrivelse». Det er eit elegant, enormt understatement. Skagen skildrar ein nasjon der tradisjon og kulturfellesskap er i full forvitring, og der ingen, ikkje ein gong kongen, veit kva det vil seia å vera norsk.

Men veit Kaj Skagen det?

Skagen er ein motstraums intellektuell som ofte er spennande og stimulerande å lesa. Han skriv med kunnskap og kraft. Faren er at han kan bli for sær og sur. Aldri har eg skrive så mange spørjeteikn i margin på ei bok som denne, og med 427 sider vert det ein del.

Kaj Skagen har bakgrunn frå det antroposofiske miljøet, og han skal kanskje vera tilgitt at han gir Rudolf Steiner og hans åndsfrendar ein påfallande stor plass i norsk idéhistorie. Skagen er ærleg på at han har gjort sine val. Blant dei er også menn som predikanten Hans Nielsen Hauge, presten og salmediktar N. F. S. Grundtvig og folkehøgskulemannen Christopher Bruun.

Desse, og andre, står sentralt i å skapa det som Skagen meiner er det djupast norsk-kulturelle: «foreningen av kristen mystikk og fransk opplysning, eller syntesen av metafysikk og sosial bevissthet». Den kristne arven i kombinasjon med demokratiske folkerørslar er på sett og vis helten i boka, skurkane er «positivisme» (trua på at berre det som kan erfarast, er verkeleg), «kulturradikalisme» og det som Skagen kallar «tredjeverdenisme», det vil seia ei idealisering av fattige og farga menneske og eit tilsvarande sjølvhat.

Angrepa mot desse retningane kan vera velfortente, dei er til tider underhaldande, men ofte vilt karikerte. Når Skagen såleis postulerer ein kontinuitet frå den marxist-leninistiske rørsla på 1970-talet til sympati for dagens militante islamisme, er han på temmeleg tynn is og må stort sett gå til utlandet for å finna representative eksempel.

#### Diffus frigjering

Skagen kritiserer eit Norge som er blitt åndlaust i sin rikdom og ikkje lenger har noko å leva for. Også lesarar med mindre metafysisk legning kan skriva under på mykje av det. Men han samstundes lite raus mot dei som trass alt prøver å skapa visjonar om noko meir.

På Terje Tvedtsk vis avfeiar han Kjell Magne Bondeviks parolar om å gjera Norge til ein «nestekjærighetens og solidaritetens nasjon» og til ein «fredsnasjon» som eit forsøk på å bli «Guds duks på jorden». Same kor

ein snur seg, er altså ræva bak.

Når Skagen åtvarar mot elitestyre og teknokrati, avmakt og demokratisk forfall, vil han også finna mange som deler uroa hans. Lærarar vil – kanskje litt nervøst - jubla over å bli kalla som «åndslivets bærere (som) fungerer som overleverere av samfunnets kulturelle arv og ikke er statsfunksjonærer som slaver og sliter for å oppfylle Utdanningsdirektoratets og andre byråkratiers femårsplaner». Men når forfattaren høgstemt etterlyser ei fjerde frigjering etter 1814, 1905 og 1945, blir det i overkant diffust kva den skal gå ut på, og kva slags nytt norsk identitetsfellesskap som den skal byggjast på. Slik risikerer Skagen å falla i den same grøfta som dei radikalarane han kritiserer, dei som trudde at eit nytt og betre samfunn ville veksa fram av seg sjølv når berre det gamle og undertrykkjande vart knust.

#### Landet «i prosess»

Om Skagen er djupsindig og tungsindig, så er danske Suzanne Brøgger derimot lett som sommarfuglen i si jakt på det norske. I «Omelette norvégiennes» flagrar feminismens grand old lady i Norden gjennom Norge frå sør til nord, samtalar og observerer. Resultatet er blitt ei samling epistlar og reisenotat, om alt frå Hamsun og Skamserien til 22. juli, innvandring og oljepolitikk.

Brøgger er ein velmeinande og interessert gjest. Rett nok må me tola den vanlege danske stereotypien om at nordmenn ikkje forstår ironi, og oppsiktsvekkjande påstandar som at «det er bare én type vittigheter som tolereres i Norge, det er dem om samene».

Til gjengjeld er ho noko så sjeldan som ein dansk beundrar av den norske språksituasjonen: «Ingenting er så fritt i verden som det norske språket, som uttales på et utall av dialekter.» Ho sit på eit filosofiseminar i Sogn, lyttar til 30 ulike språkvarianter, og undrar seg over at ho forstår alt.

Elles er det nok med Brøgger som med andre utanlandsreisande, at dei gjerne rosar det i utlandet som dei likar minst heime. Norsk innvandringspolitikk får såleis eit kanskje ufortent godt skussmål, i kontrast til den danske – og svenske, naturlegvis.

«Landstrykeraktig og fragmentarisk,» svara Brøgger på spørsmål om korleis Norgesboka hennar ville bli. Og det er sant. Boka er morosam å lesa, men svaret på kva som er det typisk norske, får me ikkje. Snarare gir Brøgger mange ulike svar, alt etter kva ho ser, eller kven ho snakkar med.

Norge er eit land «i prosess», konkluderer Suzanne Brøgger, «et land som stiger frem under en stadig pågående diskusjon».

Det er jo ikkje nokon dårleg attest. Og den diskusjonen vil neppe ta slutt med det første. For det nasjonale vil kanskje alltid vera med oss.

Men det er aldri heilt det same som det var.

## Sopranen frå Sokndal er klar for Stavanger

**KULTUR:** Ho har eksperimentert med rock, turnert i Japan og gått gjennom eit stemmeskifte. Laurdag held operasongar Bodil Victoria Arnesen konsert i Stavanger.

**Birgitte Flote**

[birgitte.flote@aftenbladet.no](mailto:birgitte.flote@aftenbladet.no)

– På grunn av akustikken, seier operasongar Bodil Victoria Arnesen og bryt ut i song, tenker seg om og tek sats mot ein høgare tone.

– Ja, akustikken er god, det er den, seier ho og nikkar nøgd.

Spørsmålet som får sopranen til å synge, er kvifor konserten skal vere akkurat her, i St. Petri kirke i Stavanger.

– Eg hadde ein gong ein konsert i Hiroshima fullstendig utan akustikk. Då må ein jobbe hardt for klangen.

Saman med Judith Valerie Engel på klaver og fiolinist Laurens Weinhold er ho på ein liten Rogaland-turné: Torsdag kveld i Arnesen sin heimstad Hauge i Sokndal, og laurdag i Stavanger. Begge konsertane startar klokka 19.30.

#### Stemmeskiftet

I Aftenbladet sitt arkiv står det mykje om sopranen rundt tusenårsskiftet: God kritikk, mange utgivingar, turné i både inn- og utland. Avisene skildrar småbarnsmora som tar med familien på turné. Så blir det nærmast stille.

– På grunn av familie har eg turnert mindre, men eg har gjort ein del i utlandet. Eg har turnert i Tyskland, Japan, USA. Og så har eg gjort litt andre ting, prøvd meg på nye sjangrar, både rock og ballader.

Med albumet Voice in the

air (2009) gjekk ho ei heilt ny retning.

– Eg blanda klassisk og rock hadde til og med eit samarbeid med ei hardrock-gruppe. Så det har gått heilt frå det eine ytterpunktet til det andre. Det er interessant korleis ein kan få fram dramatikken når ein brukar operaen i andre sjangrar.

No er ho tilbake i det tradisjonelle sporet. I heimfylket er ho denne veka klar med arier og romantisk musikk frå Dvořák, Rossini, Chopin, Liszt og Sinding. I tillegg vil Judith Valerie Engel på klaver og fiolinist Laurens Weinhold framføre Sonanza e cadenza frå den kjente Stavanger-komponisten Ståle Kleiberg.

– Det tradisjonelle ligg nærmast hjartet mitt. Eg føler at med det tradisjonelle kan eg komme nærmare følelsane og det å vere menneske. Det dramatiske og tekniske i operaen passar meg perfekt. Eg har vakse opp med pop og rock, men merka fort at operastema budde i meg, seier Arnesen.

– Tar du med deg noko av rocken når du går tilbake til klassisk musikk?

– Nei, eg er veldig opptatt av at når det er klassisk, så skal det vere det. Då blandar eg ikkje.

Ho vil ikkje røpe så mykje, men seier ho har mange prosjekt på gang.

– Ein må berre halde koken når ein blir eldre. Eg har vore gjennom eit gradvis stemmeskifte og fått ei meir djupare og rundare stemme med åra. Eg må legge om repertoaret til ein meir djupare regi, seier ho.

#### Popkulturen

I heimstaden Hauge har ho sine tvil til publikum.

– Hauge er dårleg på kultur,

der er ei «alt er kultur»-haldning. Men eg trur gjerne at folk frå andre stader kjem og ser, seier ho.

– Det trengs å gjere noko i Norge, det er jo veldig popkultur her. Eg meiner skulane i Norge har alt for lite musikkundervisning, ein må til kulturskulane for å få lære skikkeleg om det, seier Arnesen.

Fiolinist Laursens Weinhold er einig.

– Eg har base i Wien og er vand med fulle hus kvar kveld, men slik er det jo ikkje her. Erfaringa mi tilseier at det neppe blir fullt. Likevel er det veldig fint å kunne spele her, det er eit veldig fint publikum, seier han.

– Ja, det er eit veldig fint og eksklusivt publikum i Stavanger, så vi gler oss over dei som kjem. Vi skulle gjerne hatt full kyrkje, men det... ja det får vi sjå, seier Arnesen.

#### Bodil Victoria Arnesen

- **Fødd:** 19. april 1967 i Harstad
- **Bustad:** Hauge i Dalane/Berlin.
- **Studerte** ved Bayerische Staatsopera og ved UiS Stavanger.
- **Grieg-prisen 1999.**
- **Innspelingar:** 1993: Ludwig van Beethoven Kaiser-Kantaten-Emperor Cantatas 1994: Alnæs: Songs 1997: Grieg: Songs 1997: Richard Strauss. Singpiel Des Esels Schatten 1998: Sinding: Songs 2000: Julens Beste 2001: Det er jul 2003: Fader Vår, mine beste salmer 2006: Con Sentimento 2009: Voice in the air 2014: Mitt Hjertes Jul



– Eg har vore gjennom eit gradvis stemmeskifte og fått ei meir djupare og rundare stemme med åra, seier operasongar Bodil Victoria Arnesen. Ho er klar for konsert i St. Petri kirke i Stavanger laurdag.

ANDERS MINGE